

ING. TAULE AS
Radøyvegen 1400
5936 MANGER

Dato	21.11.2022
Vår referanse	2022/83627-3
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Andreas Sivertsen Våge
E-post	Andreas.Sivertsen.Vage@vlfk.no
Telefon	45617420

Vedtak - søknad om utvida bruk av avkøyrsløse - gnr 327 bnr 74 - fv 5310 - Alver kommune

Vi viser til søknad av 21.11.2022.

Saka gjeld

Det er søkt om utvida bruk av avkøyrsløse frå fylkesveg 5310 Ådlandsvegen til ein fritidsbustad. Det skal rivast eksisterande fritidsbustad og oppførast ein ny på eigedomen gnr. 327 bnr. 74 i Alver kommune.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) gir vi løyve til utvida bruk av avkøyrsløse frå fylkesveg 5310 til eigedomen gnr. 327 bnr. 74 i Alver kommune.

Når avkøyrsløse er ferdig bygd skal det vedlagde skjemaet Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrsløse underskrivast og sendast i retur til Vestland fylkeskommune. Vi vil så vurdere om vilkår er oppfylt for å gje løyve til bruk av avkøyrsløse.

Vilkår for løyvet

1. Løyvet gjeld utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse til ein fritidsbustad.
2. Det må vere opparbeidd snuplass på eigen grunn, slik at det ikkje blir nødvendig å snu på offentleg veg.
3. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsløse, frisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
4. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år etter at løyvet er gitt, om ikkje fell løyvet bort.

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelege regler om bygging og vedlikehald av avkøyrsløse frå offentleg veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkøyrsløsesaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

Bakgrunnen for vedtaket

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsløse frå.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og årstdøgntrafikken (ÅDT) er 1900. Fylkesvegen er klassifisert til haldningsklasse 3, jf. Rammeplan 2021 – 2024. Dette betyr at Ådlandsvegen har funksjon som viktig lokalveg, dette inneber at vi normalt gir løyve til utvida bruk av bustadavkøyrsløse dersom dei tekniske krava er tilfredsstillt. Dei tekniske krava er ikkje tilfredsstillt i avkøyrsløse. Derimot ligg reguleringsplan *Detaljregulering for fv. 5310 Fosse – Moldekleiv og Fossekrysset* på staden som også inkluderer

avkøyrsla. Reguleringsplanen er i regi av Vestland fylkeskommune og oppstart av utbygging er nært føreståande. Derfor vil det ikkje vera hensiktsmessig å pålegga utbetring av avkøyrsla. Fylkeskommunen meiner dette er tilstrekkeleg grunnlag til å avvike frå krav i vegnormalen. Etter ein samla vurdering av tilhøva på staden gir vi løyve til utvida bruk.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Tone Bøyum
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Andreas Sivertsen Våge
rådgiver
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4